


KVITeseid Kyrkje

75 ÅR



Kyrkja på vigslingsdagen 18.juni 1916

Forord

I samband med 75-års jubileet for Kviteseid nye kyrkje ville jubileumskomiteen gjerne gje ut eit lite skrift. Men det var verken tid eller krefter til å få skrive ei stor eller inngåande framstilling. Vi fann det då lagleg å trykke opp att Olav Botnens fine artikkel om kyrkja i dei to fyrste nummera av Kyrkjebladet i 1966, eit arbeid som er ukjent for dei fleste av den unge generasjon, og som truleg dei færreste har gøymt på.

Frå tida etter 1966 har organist Dagfinn Køhn skrive om orgelet og Torleiv Fjalestad om portane, og elles har komiteen samordna ein del opplysningar om ymse andre ting, frå Kyrkjebladet og andre kjelder.

Vi vonar at også dette vesle skriftet vil vere til glede og nytte. Kan hende andre finn høve til eit større arbeid når kyrkja fyller 100.

Helsing jubileumskomiteen

Kviteseid kyrkje

Heilt frå prestegarden vart flutt frå Kviteseid gard til Moen gard i 1869, var det meininga at Kviteseid skulle få ny kyrkje inne i Sundbygdi, der det hadde vakse opp eit sentrum. Likeeins var det tanken at Fjågesund skulle få si kyrkje, då vegen til Kviteseid var lang, den gongen.

Av dokument frå åra framover ser me at det vart arbeidd med tanken om å få bygd desse to kyrkjene. Men kostnaden var stor. Kviteseid herad hadde vore med og kosta mykje på Bandak-Norsjø-kanalen, nye vegar hadde vorte bygd, og bygdi var ikkje so veldig sterk økonomisk. Men interessa for å få bygd ny kyrkje var stadig vaken, og det hadde vorte samla inn pengar til dette.

Då gamle prestegarden, Kviteseid gard, i 1870 vart selt til kammerherre S.D. Cappelen, gav denne kr. 4000,- til bygging av ny kyrkje. Desse pengane vart sett inn i bank, og med renter og nye gåver hadde summen auka til kr. 23.000,- i 1906. På denne tid hadde førebuingane kome langt. Rundt år 1900 låg det føre fleire teikningar til kyrkje, soleis ei teikna av ein sagbrukseigar i bygdi, for ei langkyrkje bygd i reisverk, men kyrkjemyndighetane vilde ikkje tilrå denne byggemåte. Arkitekt Berner, Oslo, hadde levert teikning til ei lagleg kyrkje, men heradstyret fann at denne kyrkja var for dyr, og det vart ikkje noko av.

Ein sers lagleg plass var funnen til kyrkje. "Hamaren" var ein bergknatte ned til Sundkilen, på garden Kyrkjebø, som heradet åtte, og som hadde vore tilhald for Kviteseid Seminar til 1889, då det slutta.

At kyrkja i Kviteseid og kapellet i Fjågesund måtta kome, var sikkert, men det var pengane då. Det vart arbeidd ihuga med saka. Ein av dei som arbeidde hardt for ny kyrkje, var o.r.sakf. G. Dalen. Det vart vald ei kyrkjenemnd med han som formann. Men Dalen døde i 1911, og fekk ikkje sjå den nye kyrkja bygd.

Sokneprestane i Kviteseid hadde heilt frå prestegarden vart flutt inn i Sundbygdi i 1869, arbeidd for å få flutt kyrkja etter. Den gamle var liti og kald. Dessutan var det tungvint å ha kyrkja der ute, både for prest og kyrkjelyd.

Sokneprest Holst, som var sokneprest i Kviteseid frå 1881 til 1902, arbeidde ihuga for ny kyrkje, og arbeidet kom godt i gang i hans tid. Men fyrst i ettermannens tid,

A. Bergland, som var sokneprest i Kviteseid frå 1903 til 1921, kom den nye kyrkja i Kviteseid, og kapellet i Fjågesund. Arbeidet med desse kyrkjene hadde heile tida gått hand i hand, skulle den eine få kyrkje, so skulle ogso den andre få. Avstandane mellom desse bygdene i same heradet vart for store.

I Kviteseid hadde det vorte halde gudstenester i kommunehuset på grunn av avstanden til kyrkja, og det var planer om å få gymnastikksalen, "Ekserserhuset", til interimskyrkje, til ny kyrkje kunne verta bygd. Dette vart ikkje noko av. Då det leid ut mot 1914, ljøsna det, og den 10. januar 1914 låg det føre kgl.res. om bygging av kyrkje på "Hamaren" i Kviteseid, og kapell på tomte på garden Søndre Fjågesund. I denne res. heiter det at sosnart Kviteseid nye kyrkje er oppført, vert den gamle kyrkje å legge ned som soknekyrkje, og å haldast vedlike som fortidsminne.

Den nye kyrkje i Kviteseid er av granitt, med murstein inni. Ho er teikna av arkitekt Børve, Porsgrunn. Ho liknar mykje på Borgestad kyrkje, som og er teikna av Børve.

Å segja at kyrkja er vakker, er fatigt sagt. Ho har domkyrkjas vyrdnad over seg. Me tek nok ikkje for mykje i når me segjer at ho er den vakraste kyrkja i Vest-Telemark.

Som tidlegare nemnd, var det i sokneprest Berglands tid at kyrkja vart bygd. Forutan han var Olav S. Lie, Jon Nyland, Bjørgulf Tveit, Sveinung Lundevald og Leif Midtsund med i byggenemnda. Sundby og Opsund stod for byggeansvaret. Men det var nok ikkje bare dei som var med. At kyrkja vart so billig som ho vart, ca. 65.000,- kroner, har sin grunn i at heile bygda var med på dugnad,

Sokneprest Bergland fortalde at all steinen vart køyrd på dugnad, frå steinbrotet ute ved Sundet og nord på Hamaren. Dei køyrde isen innover Sundkilen. Dei ordna det slik at dei største gardane i Sundbygdi vart bedne om å taka so og so mange dagsverk i køyring. Ingen bad seg undan, alle var med. Då fyrste omgang var enda, låg det endå att mykje som måtte fram. Det trongst ein ny omgang, og det gjekk like godt som den fyrste. "Ein av hestane mine gjekk i løypa til kyrkja det meste av vinterten", fortalde Bergland.

Kyrkja stod ferdig i 1915, og vart innvigd 18. juni 1916 av biskop Bernt Støylen.

At me kviteseidingar er glad i kyrkja vår er sikkert, men me kunne vise det noko meire i gjerning. Det er veldig god plass i henne. Kyrkja er stor, ho har kring 450 sitteplasser. Lat oss ikkje nøgjest med å sjå kyrkja utvendig, lat oss gå inn i henne, og høyre kva som vert sagt der inne. Det er det me har kyrkja vår til.

Kyrkja har to klokker. På den eine står det: "Eg kallar, eg lokkar, eg bed, eg byd: Kom heile Kviteseid kyrkjelyd". Ja, kom!

I arbeidet med å få reist kyrkja var heile bygdi med, me kunne nemne namn. Me har nemnd nokre, men vil gløyme andre, som aldri burde vori gløymd. Men alle er me dei takk skuldig for at me har fått denne vakre kyrkja vår.

Kunstnaren Rolf Klemetsrud måla i 1936/37 apsis i kyrkja. Det er eit svært vakkert arbeid, samla inne i kvelven av kyrkja.

Av seinare arbeid kan me nemna at det vart lagt inn elektrisk oppvarming i kyrkja i 1954. Elektrisk ljøs hadde kyrkja frå ho vart bygd.

I 1927 fekk kyrkja ny kyrkjegard. I år vert den nye vegen til kyrkjegarden ferdig, og ein arbeider med utviding av kyrkjegarden. Ein driv nå og på med reparasjon av kyrkja. Her er mange oppgåver. Nytt bårehus må koma. – Bare bygdefolket er med, so går det nok.

I 1927 fekk kyrkja ny kyrkjegard. I år vert den nye vegen til kyrkjegarden ferdig, og ein arbeider med utviding av kyrkjegarden. Ein driv nå og på med reparasjon av kyrkja. Her er mange oppgåver. Nytt bårehus må koma. – Bare bygdefolket er med, so går det nok.

Orgelet

Då den nye kyrkja i Kviteseid stod ferdig i 1916, fekk ho og eit heilt nytt instrument. Dette var ei gåve frå bygdefolk som hadde utvandra til Amerika, og det vart bygd og montert av orgelfirmaet Olsen og Jørgensen frå hovudstaden – som samstundes sette opp instrument i den nye "veslesøster-kyrkja" i Fjågesund. Orgelet hadde åtte stemmer, og det vart bygd inne langs nordveggen på galleriet. Dei kraftigaste pipene fekk plass heilt ute ved ytterveggen, like over den nordvendte inngangsdøra.

Fram til siste halvdel av 1960-åra var dette orgelet i bruk, men på dette tidspunkt var det i ei slik forfatning at det vart vurdert som lite tenleg. Årsaka låg ikkje i sjølve pipene eller i treverket som pipene stod på; problemet var overføringa mellom belg og piper og mellom sjølve spillepulten og resten av orgelet. Denne overføringa var såkalt pneumatisk: Impulsane gjekk gjennom luft i tynne tinnrøyr. På 60-talet vart reparasjon av instrumentet sett på som eit for stort løft, og resultatet vart at ein i staden kjøpte eit nytt, elektronisk orgel. Då dette i sin tur svikta etter om lag femten år, var reservedelar vanskelege å få tak i, og dermed stod det to lite tenlege instrument oppe på galleriet.

I 1982 sette soknerådet i gang arbeid med denne saka. I slutten av mai månad drog formann Knut Aasland og Dagfinn Køhn – "fast organistvikar" – på befarung til fleire kyrkjer i øvre Telemark, saman med organisten i Tinn, Per Spilling, som frå første stund var svært oppglødd av tan-

ken på å utbetre det opprinnelege orgelet i Kviteseid kyrkje. Ut frå erfaringar frå denne turen, og etter førebels kontakt med kommunen, sende soknerådet så ut ei anbuds-innbyding til fleire orgelbyggjarar her i landet. Vi fekk svar frå tre fabrikkar og to enkeltpersonar, og arbeidet gjekk til orgelbyggjaren Hallstein Runshaug i Nordfjordeid. Etter stor velvilje frå Kviteseid kommune kunne han sette i gang med arbeidet sitt hausten 1983. Den klanglege delen av gamleorgelet var heilt i orden, så soknerådet valde å behalde alle dei opphavlege åtte stemmene. I tillegg bygde vi til fire nye stemmer, og fasaden vart flytt fram om lag ein meter, slik at pipene fekk betre plass og såleis kunne tone betre ut i kyrkjerommet. Ny spillepult kom på plass, med elektrisk overføring til resten av orgelet, og heile arbeidet vart utført på ein sær sypatisk og god måte. Sondag 4. desember 1983 kunne instrumentet takast i bruk, med besøk av gjesteorganiset Per Spilling.

Økonomien gjorde at det ikkje let seg gjere å fullføre orgelet slik det burde vere. Det er sett av plass til nok ei stemme i 1. manual, og i 2. manual har vi behov for ei sterk solostemme. I dag har vi berre ei stemme i pedalen; minimum her burde vere tre – slik det t.d. er i Vrådal-orgelet. Med eit ferdig utbygd orgel vil Kviteseid kyrkje ha eit instrument som vil vere tenleg både til mindre orgelkonsertar og til å leie ein aller-eie god fellessong i kyrkjelyden.

Området rundt kyrkja

I 1967 vart det gjort eit stort arbeid omkring kyrkja, dels ved kommunen sine folk, dels ved dugnadsarbeid. Plenen på båe sider av vegen vart teken opp og sådd til på nytt. Parkeringsplassen vart planert og grusa, og det vart lagt kantstein.

Bårehuset

Før det kom bårehus, vart bårene sett inn i den høgre gangen i kyrkja. Det var ikkje særleg tilfredsstillande, då ein m.a. ikkje hadde kjøling der. Men i 1968 sto bårehuset ferdig. Eit gammalt uthus, som var bruka til vedskjol, vart selt for neddriving for kr.200 same året.

Gåver til kyrkja

Det er mange som har gjeve gåver til kyrkja opp gjennom åra, så det er vanskeleg å få med alle og fare for at nokon kan bli gløymt. Men nemnast kan at Bondekvinnelaget har gjeve fleire fine ting: Løpar til midtgangen og golvet innanfor altarringen, duk og sylvvase og sju-arma ljosestake til altaret, brudestolar og bårevogn. Fyrst gav laget to brudestolar. Så byrja dei å samle inn til to til.

Ei av dei som ivra sterkt for dette, var Anne Gotuholt. Då ho var død, vart det gjeve ei minnegåve til kjøp av stolar, og laget skjøtte til resten. Stolane er laga av Halvor Slette-meås, busett i Bø, men opprinneleg frå Ordal.

Altarduken er laga av Eldrid Robberstad, fødd og oppvaksen i Kviteseid. Då ho skulle ha oppgjer, ville ho ikkje ha noko, så duken vart då også ei gåve frå henne.

Sanitetslaget gav pianoet, som vi har hatt mykje glede av.

Ei brodert tavle med Fader Vår er laga av Anne Solstad som budde på Granlien.


Testamentarisk gåve

I 1986 tok Kviteseid sokneråd med stor takksemd imot ei gåve på kr.250.000 frå Vancouver i Canada. Det var Harold Victor Lunden, død i januar 1985, som i sitt testamente hadde tilgodesett Kviteseid kyrkje.

Lunden var berre gutunge då heile familien hans drog frå Kviteseid for å freiste lukka i Amerika. Det må vere spesielt gode minne frå hans barn- doms kyrkje som gjorde at han ville at noko av det han etterlet seg, skulle kome denne kyrkja til gode.

Kviteseid sokneråd vedtok å setje pengane inn på konto med høg rente. Rentene vert tekne ut ein gong i året, helst i januar, og desse pengane kan nyttast til kyrkja og kyrkjelydsarbeidet.

Portane ved Kviteseid kyrkje



Når du er på kyrkjeveg eller du hastar forbi nykyrkja, bør du stoppe opp litt og studere dei to fine portane.

Ser du nøye på den søre porten, finn du namnet Rolf Kilen og årstalet 1951 innsleige oppe i høgre hjørnet. Han er meisteren for denne fine porten. Eit godt utført arbeid, gjort av ein dugande handverkar, som for 40 år sidan fekk teikninga av dåverande sokneprest Olav Bjørgum.

Ute på sidene ser vi vinranka og kornet. Det er symbolet for brødet og vinen i nattverden, Kristi lekam og blod.

Inne i midten finn vi Kristusmonogrammet ;



dei to fyrste bokstavane i Kristus skrive på gresk. Monogrammet har og bokstavane alfa og omega som symbol på byrjinga og enden, for å vise Kristus som alle tings opphav og mål.

Den nordre porten er laga av Hans Kilen i 1953, også eit mykje fint utført handverk. Motivet er også her teikna av Olav Bjørgum.

Her er det "Møsasida", på sørsida av Sundkilen, med årar og dalføre som er prøvd attgjeve i porten.

På båe portane finn vi det viktigaste kristne symbolet, krossen, som ein lyt bruke for å opne dei. Tek du krossen opp, vil også porten vere grei å opne. Symbolikken her tyder at vi også må ta krossen opp og fylgje i Kristi fotefar. Då vil også himmelvegen vere open, men den går alltid om Kristi forsoingsverk.

Teppe

Den fyrste løparen var gjeven av Bondekvinnelaget. Men han vart etterkvart utsliten. Soknerådet vedtok då å leggje nytt teppe, sidan det var pengar etter at Amerika-arven kom. Hausten 1989 vart det lagt. Det var laga av Mandal teppeveveri.

Kartleggjing av kyrkjegarden

Kommuneteknikar Roger Beck byrja å kartleggje kyrkjegarden i 1967. Arbeidet vart gjort ferdig av etterfylgjaren hans, Arthur Jelsa, i 1968. Kartet registrerte gravrekkjene slik dei vart lagt.

Seinare arbeidde Hans Breidalen vidare med karta med tanke på regulering og fastmerking, og ut frå dette arbeidet sette kyrkjegardsarbeidarane ned fastmerke i 1990. Fastmerke er ein viktig reidskap for god drift av kyrkjegarden, fordi ein då kan vite nøyaktig kvar ei grav er.

Siste utviding av kyrkjegarden

På 1960-talet vart det få gravplassar att på kyrkjegarden, og soknerådet fann det då heilt naudsynt å få han utvida. I 1966 vart det kjøpt inn grunn frå granneeigedommen, og i dei neste åra vart det arbeidd med planane.

Landskapsarkitekt Kjell Lyngseth, Kristiansand, utarbeidde kart og planar for eit område på om lag 7 dekar. Den nye delen av kyrkjegarden skulle gje plass til vel 350 graver. Planane var ferdig utarbeidde i 1970, og vart så godkjende av kommunestyret og stiftsdireksjonen.

Anlegget vart lyst ut på anbod, og det var firma Halvor Draugedal som fekk arbeidet. Det vart gjort i 1978, og den nye delen på kyrkjegarden vart vigsla av prost Alf P. Birkeland søndag 17. juni 1979.

Prestar som har gjort teneste i den nye kyrkja

Sokneprestar:

Aslak Bergland	1902-21
Hans Olaf Hagen	1921-30
Ingolf Boge	1930-37
Olav Bjørgum	1937-62
Haarek Midtgaard	1963-84
Ivar I. Aartun	1985-90
Thor Egil Abrahamsen	1990-

Kallskapellantar:

Per Walentin Winsnes	1913-16
Erling Momrak Haugann	1930-32
Birger Ulrik Olsen	1932-35
Ernst Kristian Orstad	1948-60
Øyvind A. Jørgensen	1984-



Prestar i prosesjon til kyrkjevigsling i Kviteseid. I brodden går biskop Støylen (tv) og sokneprest Aslak Bergland.

Utforming, montasje og trykk: Vest-Telemark Blad